



SIM

Årsmelding 2004

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS



Saman om eit betre miljø

Innhaldsoversikt

Nøgde kundar	3
SIM fram til i dag	4
Føremålet med selskapet	5
Organisering	6
Representantskap	6
Organisasjonskart	6
Styre	6
Organisasjonskart tilsette	7
Eigarinteresser og datterselskap.....	8
Styret si årsmelding.....	9
Driftsmessige tilhøve.....	11
Avfallsmengder	12
Attvinning	13
Avfallsgebyr	15
Sigevatn, grunnvatn og overflatevatn	17
Resultatrekneskap.....	18
Balanse	19
Kontantstraumoppstilling.....	21
Konsernrekneskap.....	22
Konsernbalanse.....	23
Konsernstraumoppstilling	25
Notar til rekneskapen	26
Revisjonsmelding for 2004.....	31

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS



Svartasmøget
N-5419 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50
Telefaks: 53 45 78 60
E-post: sim@sim.as
Foretaknr: NO 958 284 837 MVA
www.sim.as

Eigarkommunar:

Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad,
Stord, Sveio og Tysnes.

Innbyggjarar: 55.280

Abonnentar: Hus: 21.759 / Hytter: 5.517

Abonnentar som heimekomposterer: 5.012

Kilo avfall per innbyggjar 2004: 344

Kundar med slamavskiljar: 10.762

I redaksjonen: Kari Rydland
Bilete framside: Kvinnherad miljøsentral, Husnes
Grafisk produksjon: Oktan Sydvest
Opplag: 700
Trykt på resirkulert papir:
120 g RC pigmentert, omslaget er RC 200 g.



Terje Gilje
DAGLEG LEIAR

Selskapet har lagt bak seg nok eit godt år. Den ordinære drifta gjekk langt betre enn budsjettet, medan selskapet sine midlar gav mindre avkastning enn venta.

Nøgde kundar?

Mengda hushaldsavfall som SIM tok hand om i 2004 er om lag den same som året før. Attvinningsprosenten var om lag 47 prosent og held seg framleis nokolunde stabil.

Næringsavfall frå SIM-kommunane har auka litt, men størst auke har det vore på næringsavfall frå andre kommunar, samanlikna med året før.

I staden for å gjennomføra ei tradisjonell meiningsmåling, valde SIM i 2004 å delta i ei felles undersøking i lag med 8 andre avfallsselskap/kommunar, for å kunna samanlikna oss med desse. SIM kom bra ut på målinga og oppnådde ein total ureflektert/reflektert tilfredsheit på 75 av totalt 100 poeng, noko me må seia oss ganske nøgde med. Det kom fram at det er informasjonen om selskapet eller avfallsordninga, oppsamlingsssystemet for dagleg avfall samt innleveringa av renovasjonstenester, som har mest å seia for kundane.

Fram til 1. juli 2004 har forureiningslova delt avfallet inn i produksjonsavfall og forbruksavfall. Etter denne datoен seier lova at kommunane berre har rett og plikt til å ta seg av hushaldsavfallet, som berre utgjer 20-30% av det totale avfallet. Resten av avfallet vert no kalla næringsavfall, og eigar av dette avfallet er fri til å velja kven som skal ta hand om det. Dette merkar SIM ved at 3,3 prosent har gått frå å vera hushaldskundar til å verta næringeskundar.

Det er framleis uvisst kva løysing SIM vel når det gjeld slutthandsaming av restavfall for framtida. Sjølv om me no veit at Fylkesmannen har godkjent botntettinga i deponiet, så veit me framleis ikkje kva styresmaktene tenker om deponiavgifta og nye miljøkrav i framtida. Sørvest Varme AS vil halda fram med å greia ut forbrenningsalternativa for SIM og andre, men samstundes kan me no gle oss over at SIM sine kundar skal betala den lågaste deponiavgifta.

SIM har all grunn til å sjå lyst på framtida og har tru på at me skal klara møta dei utfordringane som ligg føre oss. Målet vil uansett heile tida vera å tilby avfallsløysingar til beste for kundane, selskapet og miljøet.

Eg vil få takka samarbeidspartnarar, medlemskommunar, kundar og tilsette for godt samarbeid i 2004.

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM) er ei moderne avfalls- og attvinningsverksemd med hovudanlegg i Svartasmøget i Fitjar kommune. Selskapet vart stifta i mai 1990 og er eigd av kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes.

SIM fram til i dag

I 1997 skipa SIM det heileigde datterselskapet SIM Næring AS. Selskapet skal ta seg av avfallet frå industri og næringsliv og andre oppgåver som er utsette for konkurransen.


I 2001 skilde SIM Næring AS ut transportdelen av drifta i eit eige selskap, SIM Transport AS. Selskapet har ein stor del av transportverksemda si på Haugalandet, særleg Karmøy. Målsetnaden er å bli dyktig på transport av avfall, og reindyrka den aktiviteten.

SIM er ansvarleg for innsamling av alt forbruksavfall og slam frå dei 55.280 innbyggjarane og 15.- 20.000 hyttebrukarane i regionen. Det er kjelde sortering i alle medlemskommunane med sortering i dunkar for bio-, papir- og restavfall.

Det er bygd bemanna miljøsentralar som innbyggjarane i alle kommunane kan gjera seg nytte av. I tillegg er det ein del bringepunkt for mottak av glas og hermetikkboksar. Det er lagt opp til at hushalda kan sortera ut farleg avfall, EE-avfall, kuldemøblar, trevirke, metall, plast, hageavfall med meir. Dette må abonnementane sjølve levera til miljøsentralane.

SIM har fellesanlegg i Svartasmøget, som inneholder administrasjonsbygg, deponi, miljøsentral og hall og utstyr for kompostering av våorganisk avfall. Her er også anlegg for mottak og handsaming av avlauplslam.

SIM legg stor vekt på førebyggjande tiltak for å redusera ulempene med miljøforureining av luft, vatn og nærområde, og vil arbeida for å oppfylla nye miljøkrav og utnytta ressursane i avfallet.



Føremålet med selskapet

*I paragraf 2 i vedtekten heiter
det at føremålet med selskapet er:*



- 1** Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærmere avtale med kommunane.
- 2** Bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall.
- 3** Selskapet skal byggja og driva innsamlingssystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomlagring og vidaresending av farleg avfall og avfall som kan gjenvinnast, resirkulerast eller må sendast vidare for destruksjon eller gjenvinning.
- 4** Selskapet skal leggja særleg vekt på miljøvenleg drift av alle ledd i avfallsbehandlinga.
Selskapet skal vidare i nært samarbeid med kommunane informera publikum og næringsdrivande om drifta i selskapet.
Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggja vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege avfallsbehandlingsmetodar.
- 5** Selskapet skal der dette er naturleg, søkja å etablera samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap med tanke på å få til rasjonelle og miljøretta løysingar t.d. når det gjeld gjenvinning.
- 6** Selskapet har ikkje erverv til føremål

Organisering

SIM er eige av kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Representantskapet er det øvste organet i selskapet. Kommunane vel medlemmer til representantskapet, og representantskapet vel styret. Dagleg leiar, administrasjonen og driftspersonellet står for den daglege drifta.

SIM Nærings AS er eit heileigd datterselskap til SIM, **SIM Transport AS** er eit heileigd datterselskap til SIM Nærings AS. Båe selskapa har eigne generalforsamlingar, eigne styre og eigne dagleg leiarar.



Representantskap

Folketalet avgjør kor mange medlemer kvar kommune har i representantskapet. Kommunestyra i medlemskommunane vel medlemer og personlege varamedlemer til representantskapet for fire år om gongen, i samsvar med den kommunale valbolken. Dei 23 medlemene er fordelt slik: Austevoll 2, Bømlo 4, Fitjar 2, Kvinnherad 5, Stord 6, Sveio 2 og Tysnes 2.

Representantskapet har hatt to møte i 2004 (30/4 og 16/11) og handsama 11 saker.

Dese stillingane hadde SIM fast i 2004:

Dagleg leiar: *Terje Gilje*

Driftsleiar, innsamling og kommunal drift: *Kjell Egil Hollund*

Driftsleiar, slutthandsaming av avfall: *Tore Svane*


Personal og økonomi: *Trude Vedå og Trond Kampen*

Kundehandsamar: *Marianne Andersland og Trine Tverborgvik*

Informasjons- og planleggingsmedarbeidar: *Kari Rydland*

Operatør deponi: *Kristoffer Vik*

ORGANISASJONSKART:



Styre

Det er ein styremedlem frå kvar kommune, med personleg varamedlem. Styremedlemene vert valde for to år om gongen, likevel slik at halvparten står på val kvart år. I tillegg er det ein representant frå dei tilsette. Det er representantskapet som vel styremedlemene, etter at kandidatar er peika ut av medlemskommunane.

Styret hadde 6 møte i 2004 og handsama 32 saker.

Operatør kompost: *Einar Breivik*


Operatør miljøsentral: *Olaf Skram*

Operatør/maskinansvarleg: *Eivind Eidsnes*

Operatør miljøsentral Kvinnherad: *Ove Tungesvik og Jostein Skåla*

Operatør miljøsentral Austevoll: *Ingjald Birkeland (27% stilling)*

ORGANISASJONSKART TILSETTE:



KOMMUNE	STYREMEDLEM	VARAMEDLEM	
Austevoll	Olav P. Årland (nestleiar)	Jane K. Stangeland	Desse sat i styret ved utgangen av året.
Bømlo	Magne Rolfsnes	Ruth Berny Lønning	
Fitjar	Bjørn Haaland	Odd Bondevik	
Kvinnherad	Hans H. Berge	Gerd Røstbø	
Stord	Else Berit Helle	Berit Ø. Wiersen	
Sveio	Magnus Skåden (leiar)	Henning Vestvik	
Tysnes	Grethe Barmen	Bente Raknes	
SIM	Kjell Egil Hollund	Trude Vedå	

Eigarinteresser og datterselskap

SIM eig i:



SIM
Næring AS

SIM Næring AS er eit heil-eigd datterselskap av SIM. Selskapet tek hand om næringsavfall og farleg avfall frå næringslivet i Sunnhordland og på Haugalandet. Målsetnaden til selskapet er å gje kundane tilbod om ei heilskapleg og god avfalls-handtering. Per 31.12.04 hadde selskapet 14 tilsette med kontor og sorteringsanlegg lokalisert i Eldøyane Næringspark på Eldøyane i Stord kommune. Omsetninga for 2004 var på om lag 34 millionar kroner.

Sørvest Varme AS vart skipa i desember 2003 og er eigd av Haugaland Kraft AS, Toraneset Miljøverk IKS, Karmøy kommune, Haugesund kommune og SIM. SIM eig 764 av 2000 aksjar, ein eigardel på 38,2 %. Selskapet har som mål å greia ut om det er føremåls-tenleg å byggja forbrennings-anlegg på Haugalandet.



SLab AS er eit laboratorium for akvakultur, vatn og mat og vart stifta januar 2004 (tidlegare laboratoriet til Næringsmiddeltilsynet). SIM eig 100 av i alt 1345 aksjar, ein eigardel på 7,4 %. Det første driftsåret i selskapet var omsetnaden på om lag 2,1 millionar.



Rekom AS er eit aksjeselskap som er eigd av 59 kommunar og interkommunale renovasjonsselskap. Desse selskapa har ansvar for hushaldsrenovasjonen til over halvparten av norske hushald. SIM eig 66 av 3500 aksjar i Rekom, ein eigardel på 1,9 %.

Føremåla til selskapet er å hjelpe til med omsetning av avfallsfraksjonar som vert samla inn for attvinning, og å forhandla for å oppnå så gunstige vilkår som råd for omsetning av avfalls-fraksjonane.

Rekom AS starta opp verksemda si tidleg i 1998. Omsetninga i 2004 var på om lag 144 millionar. Dei største fraksjonane selskapet omset er hushaldspapir og bølgjepapp til materialattvinning, samt trevirke og restavfall til energi-utnytting.

SIM Næring AS eig i:



SIM
Transport AS

SIM Transport AS er eit heil-eigd datterselskap av SIM Næring AS. Selskapet tek på seg ulike typer transportoppdrag, flest i Sunnhordland og på Haugalandet, men òg andre stader i landet og i utlandet. SIM Transport AS har kontorfellesskap med SIM Næring AS på Eldøyane, og hadde 39 tilsette per 31.12.04. Omsetninga var på om lag 37 millionar i 2004.



SIM Næring AS eig 100 aksjar i **Retura AS**, ein eigardel på rundt 4%. Retura er eit selskap stifta av ulike avfallsselskap. Retura er eit administrativt selskap som sel avfallstenester over store delar av landet, medan det utførande leddet er eigarselskapa.

Styret si årsmelding

Driftsaktivitet

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS sin hovudaktivitet er innsamling og handsaming av kommunalt avfall, og töming av slamtankar og handsaming av avvatna slam. I tillegg tek selskapet mot avfall frå næringslivet til slutt-handsaming ved komposteringsanlegg eller deponi.

Totalt innsamla hushaldsavfall i 2004 er omrent uendra frå året før. Talet på hushaldskundar har gått noko ned og dette skuldast hovudsakleg at ein del av desse kundane har gått over til å bli næringskundar. Dette som ein konsekvens av endringa i forureningslova som vart gjeldande 1. juli 2004. I snitt leverte kvar innbyggjar i SIM 344 kg avfall i 2004.

Næringsavfallet frå SIM-kommunane hadde ein liten auke, men størst auke har det vore på næringsavfall frå andre kommunar, samanlikna med året før.

Tek ein med alt avfall som vart deponert i 2004 har det vore ein auke på 12,8 % frå året før.

Den 1. oktober 2004 starta den nye kontraktsperioden med SIM Transport AS om innsamling av hushaldsavfall, og med Hella Transport AS som gjeld transport av krokkonteinarar frå miljøsentralane.

Økonomi

Av ei omsetning på rundt 57 millionar, viser året eit overskot på 3,8 millionar. Overskotet skuldast hovudsakleg inntektene frå finanspostane.

Miljøstyresmaktene godkjende botntettinga under deponiet tysdag 22. februar 2005, og dermed er anlegget klassifisert for låg sats på slutthandsamingsavgifta. Mellom anna på grunn av dette vart resultatet av drifta for den kommunale avfallsordninga 1,7 millionar i overskot. Drifta av slamtømmerordninga fekk eit underskot på 0,1 millionar. Gebyret for 2005 er berre justert for prisstigning.

Selskapet har i 2004 endra prinsipp for føring av overskot/underskot for kommunalt avfall, slamtøming og kostnader med avslutning/etterdrift.

Føringane er gjort greie for i note 11 til årsrekneskapen.

Dei økonomiske resultata i årsmeldinga syner at føresetnadene for å halda fram med drifta er til stades.

Disposition av overskot

Overskotet på 3,8 millionar vert lagt til eigenkapitalen.

Slutthandsamingsavgifta

Avgifta til staten for å deponera avfall har gått svært mykje opp dei siste åra. Denne avgifta var tenkt å skulle reflektera miljøkostnadene med å deponera avfall. No er avgifta so høg at den langt overstig kjende miljøkostnader, og resultatet er at ein styrer avfall til forbrenning i inn og utland.

Rapportane i 2004 har vorte utarbeidd med høg sats på slutthandsamingsavgifta. Då Fylkesmannen klassa oss som deponi med låg sats har me arbeidd om rekneskapen i tråd med god rekneskapsskikk.

Slutthandsamingsavgifta var i 2004 kroner 496 per tonn inklusiv meirverdiavgift for låg sats. Totalt utgjorde avgifta 12,8 millionar kroner inklusiv meirverdiavgift i 2004.

Arbeidsmiljø og personalendringar

Ved utgangen av året hadde SIM 15 tilsette (14,3 årsverk), 11 menn og 4 kvinner. Sjå oversyn over stillingar side 6-7. Dette er det same som ved utgangen av 2003.

Sjukefråveret var på 1,4 prosent i 2004. Det har ikkje vore yrkesskadar med fråver.

Ytre miljø

Sigevatn, grunnvatn og overflatevatn vert overvaka og analysert etter prøvetakingsprogram fastlagt av miljøstyresmaktene.

Det totale utsleppet ifrå deponiet ligg på om lag same nivå som i 2002 og 2003. Det er ingen av dei målte parametrene i sigevatnet som viser unormale nivå, og korkje kvikksølv, DDT eller organiske miljøgifter er påvist i sigevatnet.

Brønnen som representerer grunnvatnet under deponiet har god vasskvalitet, og viser at fjellgrunnen under deponiet er tett.

Overflatevatnet som blir leda i røyr igjennom deponiet er ikkje påverka av sigevatn eller deponiet generelt.

SIM fekk utført ei resipientgransking i Stokksundet i 2004, og resultata herifrå viser at miljøkvaliteten til resipienten ikkje har endra seg dei siste fire åra.

Anna miljøovervaking

Gass vert sogen ut av fyllinga og brent i fakkel. Dermed vert metangassen omforma til den mindre skadelege gassen karbondioksid. Uttaket av gass vart dobla i 2004 samanlikna med året før.

Selskapet har også program for å halda skadedyr borte frå fyllplassen, og uønskte fuglar vert freista haldne borte ved hjelp av måsenett og andre tiltak. I tillegg vert flygeavfall og anna avfall jamleg rydda bort frå nærområdet. Saman med naboar føl ein opp aktivitetar på deponiet som kan gje lukt i nærområdet.

Framtida

Deponiet stettar gjeldane krav til botntetting og dermed skal selskapet betala lågaste slutthandsamingsavgift. Det

er likevel uvisst kor lenge selskapet vil halda fram med å leggja restavfallet i deponi.

Det har nyleg kome fram at metangassen frå Norske avfallsdeponi berre utgjer 3,5 % av det totale klimagassutsleppet i landet, og ikkje 7 % som er blitt hevda dei siste åra. Då slutthandsamingsavgifta vart rekna ut i si tid var dette talet endå høgare, og metangassen er den største miljøkostnaden i avgifta. Deponieigarar i landet er derfor spente på om dette vil få utslag for avgifta framover. Avgifta er som kjent ein viktig parameter for om SIM skal endra slutthandsaming av restavfallet. I tillegg vil eventuelle nye miljøkrav frå styresmaktane ha mykje å seia for avgjerda. Dersom ein skal gå vekk i frå deponering står ein att med to alternativ:

- 1) Etablera eit forbrenningsanlegg i regionen eller
- 2) Transportera avfallet ut av regionen.

Uansett kva slutthandsaming det blir føler styret seg trygg på at ein også i framtida vil kunne gje innbyggjarane ei god og kostnadseffektiv renovasjonsordning.

Fitjar, 4. mars 2005



Magnus Skåden

leiar



Olav P. Årland

nestleiar



Magne Rolfsnes

Magne Rolfsnes



Bjørn Haaland

Bjørn Haaland



Hans H. Berge

Hans H. Berge




Else Berit Helle

Else Berit Helle



Grethe Barmen

Grethe Barmen



Terje Gilje

dagleg leiar SIM



Miljøsentralane har hatt 16 % fleire besøkjande i 2004 enn året før.

Driftsmessige tilhøve

Avfalls mengda

Hentefraksjonane (rest, bio, papir) og avfall frå returpunktene (glas og hermetikk) har til saman auka med 2,2 % frå 2003 til 2004. Totalt var hushaldsavfallet nesten uendra frå året før. Talet på abonnentar har minka med 3,3 %, og skuldast nok at ein del har gått over til å bli næringskunde først og fremst, men også nokon til hyttekunde. I alt leverte kvar innbyggjar i kommunane 344 kg avfall (avfall henta frå hytter er då teke med). Attvinningsprosenten vart 47 % og heldt seg altså på same nivå som dei føregåande åra.

Næringsavfallet frå SIM-kommunane har hatt ein liten auke, men størst auke har det vore på næringsavfall frå andre kommunar.

Miljøsentralane

Talet på kundar som vitjar miljøsentralane har hatt ei fin auke dei siste åra, og 2004 var ikkje noko unnatak. Det har vore 23091 vitjingar totalt på alle dei seks miljøsentralane i 2004, og det er 16 % fleire enn året før. Fleirtalet (75 %) er private kundar medan resten er frå næringslivet. Det kom inn 7000 tonn avfall på miljøsentralane fordelt på hushalds- og næringslivskundar. Ser ein på det totale hushaldsavfallet går det fram at 17 % kjem inn via miljøsentralane.

Hytterenovasjon

Ordninga for hytterenovasjonen er under kontinuerlig utvikling ved at nye konteinrarstader kjem til, og at kapasiteten på eksisterande konteinrarar aukar. I dei største hyttekommunane har det i 2004 vore tøming to gonger per veka i heile juli og halve august, mot normalt ein gong i veka i sommarhalvåret. Påskeaftan var det også lagt inn ei ekstratøming i desse kommunane dette året. Oppsummeringa viser at det har vore mindre klagar enn tidlegare i 2004, og tiltaka har gjort at ordninga fungerer betre.

Slamtøming

I 2004 vart det utført tøming av slamavskiljarar for heilårsbustader i Fitjar, Tysnes og i Stord. Det vart også starta opp slamtøming i Austevoll for hytter og hus i 2004, som held fram i 2005.

Kompost

I 2004 har kompostanlegget teke imot 3364 tonn våtorganisk avfall frå Haugesund kommune og kommunane i NGIR, og 3183 tonn frå kommunane i SIM.

Komposten som blir produsert i Svartasmøget kan kjøpast

ved alle miljøsentralane i området, og har vorte eit populært jordforbetringsprodukt. Det kostar 300 kr per tonn og i 2004 kom det inn 360.900 kroner for salet av kompost.

Informasjon

SIM nyttar ulike kanalar for å halda oppe medvitet om kjeldesortering og avfallsreduksjon hjå abonnentane, og her er SIM-nytt den mest nytta. SIM har lova å halda heimesidene oppdaterte til ein kvar tid, og for nokon er det den enkleste kanalen å bruaka. I enkelte høve, til dømes i samband med slamtøming, er det mest tenleg å nytta lysingar i lokalpressa.

I 2004 vart heimesidene utvida då SIM Transport AS også fekk sine eigne sider i tillegg til SIM og SIM Næring AS. Dermed er heile konsernet på plass.

Innhaldet i profilhandboka er ei utfordring å leva opp til, og boka vert samstundes heile tida forbetra og gjort meir brukarvenleg. I 2004 vart alle bilane som kører i SIM-kontrakt på den kommunale ruta profilerte etter manualen.

Alle heilårsabonnentar mottok i 2004 fire utgåver av informasjonsbladet SIM-nytt. Den 2. utgåva skilde seg ut frå dei andre fordi det vart laga eit eige blad for kvar kommune i samband med "Hald Noreg Reint-kampanjen". Det vart altså sendt ut 10 SIM-nytt totalt til hushaldsabonnentane. Tømekalenderen vart som vanleg send ut i lag med desemberutgåva. Den 3. utgåva var via til kampanjen "Farleg avfall 2004" medan siste utgåva var ei oppfølging til den ferske spørjeundersøkinga SIM har delteke i. Alle hytteabonnentane mottok eit eige SIM-nytt før høgsesongen starta opp, og denne gongen fekk dei i tillegg ei sørvisfråsegn for hytterenovasjonen.

Det kom ut 15 nummer av det interne informasjonsskrivet Stuttnytt i 2004, som går til alle tilsette og styra i konsernet.

Alle 4. klassingar (03/04) frå medlemskommunane blei inviterte av SIM til å delta i eit skuleprosjekt om avfall som LOOP står bak. Dette valde SIM å halda fram med for skuleåret 04/05. I samband med prosjektet har det vore om lag 600 elever på besøk i Svartasmøget totalt i 2004, for å læra meir om kjeldesortering og attvinning. Andre skulebesøk og vitjingar på hovudanlegget kjem då i tillegg.

SIM har også i 2004 halde fram med avfallsreduserande tiltak som sponsoring av tøybleier, loppemarknad og eksport av brukte klede til Aust-Europa.

For SIM-kommunane har mengdene med hushaldsavfall i 2004 halde seg på same nivå som fjoråret, og mengda næringsavfall auka litt.


Avfallsmengder

I statistikken over avfallsmengd er det berre teke med avfall som SIM har motteke for handsaming. Tala er justerte for meir korrekt deling av hushalds- og næringsavfall.

I alt mottok SIM 18.990 tonn med hushaldsavfall frå SIM-kommunane, og attvinningsprosenten var 47 % (48,3 % i 2003).

Når det gjeld fraksjonane rest-, bio- papir- glas og hermetikkavfall, er det ein auke på 2,2 % i høve til 2003.

Avfall henta heime hos folk:




Avfallsmengd per kommune samanlikna med 2003 (prosentvis auke):



Mengder til deponi (i tonn):



Samla avfallsmengder som SIM tek hand om:



Til saman: 48.013 tonn

Note: Berre avfall som SIM tek hand om, men inkl. heimekompostering. Tala omfattar ikkje t.d. bilvrak og panteordningar for boksar og flasker.

Resultat frå avfallskontrollar av restavfallet (i prosent):

Fraksjon	2002	2003	2004
Papp/papir	9,8	7,8	8,9
Plast	11,6	16,8	15,9
Matrestar	11,4	14,3	21,0
Bleier/bind	16,4	11,4	7,5
Anna brennbart	33,1	26,1	29,7
Glas	4,0	4,7	3,7
Metall	3,9	5,2	3,2
Anna ikkje brennb.	5,2	10,2	4,0
EE-avfall	0,8	0,7	1,6
Farleg avfall	0,6	1,0	1,2
Finstoff	3,6	1,1	3,4

Attvinning

Me har tre typar attvinning:

Ombruk

Dette er gjenstandar som nokon kastar, men som andre kan gjera bruk av m.a. ved enkle reparasjonar. Døme er syklar, møblar, sportsutstyr, kvite- og brunevarer.

Materialattvinning

Når avfall vert brukt som råstoff i produksjonen av nye varer. Eit døme er papir (de-ink) som blir til nytt papir for bruk i aviser/magasiner.

Energiutnytting


Når avfallet vert brukt som energikjelde, t.d. når ein brukar tre eller papir til oppvarming.



I 2004 gjekk om lag 47 prosent av hushaldsavfallet SIM mottok frå medlemskommunane, til attvining. Unntake dette talet er avfall samla inn gjennom dei landsomfattande returordningane der SIM ikkje har tilgjengeleg statistikk for det avfallet som oppstår i regionen. Dette gjeld m.a. panteordningar for boksar og flasker, og EE-avfall som blir levert direkte til selger.

Hushaldsavfall til attvinning (i tonn):

Totalt: 8.892 tonn



Heimekompostering

Om lag 23 prosent av abonnentane komposterer bioavfallet sitt heime. Totalt er det 3539 registrerte bingar, og i tillegg kjem dei 1473 kundane som delar kompostbinge med ein annan. Abonnentar som komposterer heime, slepp å betala for biodunk og bioposar, dei produserer sitt eige jordfor-

betringsmiddel, og dei treng ikkje reingjera og setja ut biodunken.

Kvar innbyggjar produserer i snitt 75 kilo bioavfall i året. Om me legg dette talet til grunn var det 940 tonn avfall som vart kompostert heime i 2004.



Avfallsgebyr

Gebrysistemet for renovasjon

Måla for gebyrordninga er å få mindre avfall og meir attvinning. Det er i tillegg eit mål å ha eit likt renovasjonsgebyr i medlemskommunane.


Abonnentane kan m.a. spara gebyr ved:

- å laga mindre avfall slik at ein treng mindre dunkar og sjeldnare henting
- å heimekompostera våtorganisk avfall
- at fleire abonnentar går saman om å dela dunkar (naboar eller burettslag)

Medlemskommunane har fram til no betalt SIM for kvart tonn levert avfall, og i tillegg eit gebyr for kvar abonnent. Frå 2005 vil kommunane betala SIM tilsvarende det abonnentane betalar pr. dunk og i tillegg eit gebyr for kvar abonnent. Kommunane betalar eit likt gebyr til SIM for kvar hyttekunde. Dermed er det SIM og ikkje kommunane som må ta risikoen med endringar i avfallsmengda.



Gebyr slamtøming for heilårshus i 2005 inkl. mva:




*Korrigert for årleg gebyr




Gjennomsnittsabonnement i 2005 inkl. mva:

(gebyrinntekt til kommunen delt på abonnentar)



Gebyr fritidsbustad i 2005 inkl. mva:



Kva dekkjer gebyra?


Det er krav om at gebyra skal dekkja alle kostnadene med renovasjon/slamtøming i kommunen, både gebyra til SIM og eigen kommunal administrasjon. Det er kommunestyret i kvar av kommunane som fastset gebyra i sin kommune.

Renovasjonsgebyret: Alle abonnentar må betala eit grunngebyr. Dette er den delen av kostnadene knytt til renovasjon som ikkje vert dekte av dunkgebyra. Eksempel på slike kostnader er felleskostnader, kommunale eigenkostnader og ymse tilbod om attvinning. Grunngebyret varierer mellom kommunane.

I tillegg kjem eit gebyr for kvar av dei tre avfallsfraksjonane som vert henta. Desse varierer etter dunkstorleik og hentefrekvens. I 2005 er satsane på dunkane like i alle 7 kommunane.

Eit gjennomsnittsabonnement (sjå graf side 15) er det same som gebyrinntekt til kommunen delt på antal abonnentar.

Dette går gebyret ditt til:



Fordelinga av kostnadene er rekna ut for 2004.

Sigevatn, grunnvatn og overflatevavn

Sigevatn, grunnvatn og overflatevavn vert overvaka i samsvar med godkjent program.

Sigevatnet: Det totale utsleppet ifrå deponiet ligg på om lag same nivå som blei målt i 2002 og 2003. Det er ingen av dei målte parametrene som viser unormale nivå, og det er ikkje påvist korkje kvikksølv, DDT eller organiske miljøgifter i sigevatnet.

Grunnvassbrønnen som er etablert i fjell nedstrøms deponiet og fangdammen viser generelt god kvalitet.

Nitrogennivået er framleis litt høgt her, men det skuldast ein sigevasslekkasje i området frå 2002. Brønnen som representerer grunnvatnet under deponiet har god vasskvalitet. Dette viser at fjellgrunnen under deponiet er tett, og at det ikkje skjer innbrenging av sigevatn ned gjennom fjellsprekker.

Overflatevatnet som blir leda i rør igjennom deponiet er ikkje påverka av sigevatnet eller deponiet generelt.

Sigevatn Parameter	Resultat 2004/ Årsnitt	Totale utslepp til Stokksundet 2004	Totale utslepp til Stokksundet 2003
<i>Kjemiske parameter:</i>			
Aluminium	447 mg/l	127 kg	113 kg
Jern	19,2 mg/l	5,5 tonn	4,6 tonn
Klorid	128 mg/l	36,5 tonn	49 tonn
Sulfat	21,6 mg/l	6,2 tonn	7,9 tonn
Natrium	130 mg/l	37,0 tonn	41,1 tonn
Kalium	66 mg/l	18,7 tonn	17,4 tonn
<i>Tungmetall:</i>			
Kvikksølv	<0,03 µg/l	<8,5 g	<4,4 g
Kadmium	0,09 µg/l	26 g	29 g
Krom	31,7 µg/l	9,0 kg	10,6 kg
Kopar	17,3 µg/l	4,9 kg	6,0 kg
Sink	105 µg/l	29,8 kg	27,5 kg
Bor	1.23 mg/l	350 kg	251 kg
Arsen	12,7 µg/l	3,6 kg	2,7 kg
Nikkkel	13,9 µg/l	3,9 kg	4,4 kg
<i>Organiske miljøgifter:</i>			
AOX	<0,14 mg/l	<39,7 kg	46,7 kg
Fenol	<0,55 µg/l	<0,16 kg	<6,92 kg
Aromatar	<170 µg/l	<48,4 kg	<15,2 kg
PAH	<1.15 µg/l	<0,33 kg	0,39 kg

Samanstilling over siste åtte år

Totale utslepp til Stokksundet	2004	2003	2002	2001	2000	1999	1998	1997
PCB – gr	<21,4	<35	<130	<63	<7,5	<129	<60	<14
Bly – kg	1,2	1,2	1,2	1,4	0,8	0,35	1,6	1,4
Arsen – kg	3,6	2,7	2,6	3,3	4,7	13,0	17,0	7,5
Fosfor – kg	234	223	190	225	380	915	688	553
Årsjennomsnitt - Indikatorparameter								
	2004	2003	2002	2001	2000	1999	1998	1997
pH	6,71	6,78	6,72	6,61	6,56	6,64	6,70	6,55
Leiingsevne	204	256	268	240	277	382	416	229

"<": Er ikkje påvist, men viser minste mogleg måleverdi med nytta målemetode.

Resultatrekneskap

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

	Note	Resultat 2004	Budsjett 2004	Resultat 2003
Driftsinntekter				
Driftsinntekter		57 304 642	50 993 299	58 248 231
Sum driftsinntekter		57 304 642	50 993 299	58 248 231
Driftskostnader				
Bruk av tenester (transport)		19 481 981	18 724 961	21 458 478
Løn og sosiale kostnader	9	7 025 640	7 345 328	6 966 430
Andre driftskostnader	13	24 005 295	21 853 070	23 626 371
Ordinære avskrivningar	2	5 375 020	6 073 713	6 330 361
Tap på krav		72 343	40 000	30 472
Sum driftskostnader		55 960 279	54 037 072	58 412 111
Driftsresultat		1 344 363	-3 043 773	-163 881
Renteinntekter		439 502	1 105 000	1 208 923
Anna finansinntekt		4 402		3 820
Verdialike marknadsbaserte omlaupsmidlar	7	2 233 347	3 095 000	4 940 640
Renteutgifter		234 211	100 000	4 243
Netto finanspostar		2 443 040	4 100 000	6 149 140
Resultat før ekstraordinære postar		3 787 403	1 056 227	5 985 259
Ordinært resultat		3 787 403	1 056 227	5 985 259
Årsresultat		3 787 403	1 056 227	5 985 259
Disponering av årsresultat				
Til anna eigenkapital	8	3 787 403	1 056 227	5 985 259
Disponert årsresultat		3 787 403	1 056 227	5 985 259

Balanse

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

	Note	2004	2003
EIGNELUTAR			
ANLEGGSMIDLAR			
Varige driftsmidlar			
Tomter	2	5 481 877	201 647
Maskinar og anlegg	2	26 906 377	30 826 228
Inventar og utstyr	2	115 293	215 898
Sum varige driftsmidlar		32 503 547	31 243 773
Finansielle anleggsmidlar			
Aksjer i datterselskap	3	2 200 000	2 200 000
Andre aksjar	4	1 661 000	897 000
Forskottering vregar	5	21 800 000	26 800 000
Sum finansielle anleggsmidlar		25 661 000	29 897 000
SUM ANLEGGSMIDLAR		58 164 547	61 140 773
OMLAUPSMIDLAR			
Krav			
Kundekrav	6	4 836 322	4 623 527
Krav på konsernselskap	6	2 081 420	2 747 985
Andre kortsiktige krav	6	3 214 345	133 936
Sum krav		10 132 087	7 505 448
Investeringar			
Marknadsbaserte aksjar	7	11 411 134	6 522 392
Marknadsbaserte obligasjonar	7	66 576 921	54 232 316
Sum investeringar		77 988 055	60 754 708
Kontantar, bank		11 175 099	21 334 440
SUM OMLAUPSMIDLAR		99 295 241	89 594 596
SUM EIGNELUTAR		157 459 787	150 735 369

Balanse

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

	Note	2004	2003
EIGENKAPITAL OG GJELD			
EIGENKAPITAL			
Innskoten eigenkapital			
Selskapskapital	8	173 030	173 030
Sum innskoten eigenkapital		173 030	173 030
Opptent eigenkapital			
Anna eigenkapital	8	143 024 712	139 237 309
Sum oppent eigenkapital		143 024 712	139 237 309
SUM EIGENKAPITAL		143 197 742	139 410 339
GJELD			
Langsiktig gjeld			
Netto pensjonsskylnad	9	341 198	278 291
Anna langsiktig skuld	11	7 358 678	4 943 409
Sum langsiktig gjeld		7 699 876	5 221 700
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	6	2 331 408	2 640 463
Skuldig til konsernselskap	6	1 603 060	1 479 922
Skuldige offentlege avgifter	12	1 718 148	1 163 876
Anna kortsiktig gjeld		909 552	819 069
Sum kortsiktig gjeld		6 562 168	6 103 330
SUM GJELD		14 262 045	11 325 030
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		157 459 787	150 735 369


Kontantstraumoppstilling

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

	Note	2004	2003
Operasjonell aktivitet			
Resultat før skattekostnad		3 787 403	5 985 259
